

KYRKJEBLAD FOR ÅL



VEGEN FRA BETLEHEM / TANKAR ETTER EIT KYRKJEMØTE / JUL I EIT FRAMANDT LAND
KORTREIST PILEGRIMSVANDRING / JULETEIKNINGAR / JULEHELING: VER IKKJE REDDE!

NR. 4 | 2022 | 63. ÅRGANG



Leik ved julekrybba. 2. klassingane Brage Etterlid Tveito og Alva Johansen Liljedal. Foto: Birger Bolstad

*Eit barn er født i Betlehem, i Betlehem.
No frydar seg Jerusalem.
Halleluja, halleluja.*

*Her ligg han i eit krubberom, eit krubberom,
men rår med evig herredom.
Halleluja, halleluja.*

*Tre kongar kom frå Austerland, frå
Austerland, gull, røykjels, myrra gav dei han.
Halleluja, halleluja.*

Ei kyrkje for alle

Sundag 30. oktober vart ein historisk dag for kyrkja i Hallingdal prosti. For fyrste gong vart det halde ei regnbogemesse i Ål kyrkje. Regnbogemesse er namnet på gudstenester som blir feira i samband med markeringar til støtte for lesbiske, homofile, bifile, trans. Dei fyrste regnbogemessene i Noreg vart haldne på 60- og 70-talet, og no altså her hjå oss. Me er alle velkomne i kyrkja, med våre liv.

I KYRKJEPORTEN



Av Birger Bolstad

Omfamnar mangfaldet

Kvifor var denne gudstenesta viktig?

Eg vil referere biskopen vår, Jan Otto Myrset, som skreiv eit lesarbrev i Hallingdølen før regnbogemessa:

«Vi biskopar erkjenner at kyrkja i liten grad har tatt inn over seg homofile sin livssituasjon, og har heller ikkje klart å gi truverdig

uttrykk for anerkjenning av alle menneske sitt menneskeverd».

Mange deltok under gudstenesta denne sundagen i oktober: soknepresten vår, Geir Wiknes, prost Sveinung Hansen, Janne Sukka, Stein Torleif Bjella, Stein Wolff Frydenlund, Lars Inge Tverberg med fleire. Fleire gav uttrykk for kor gripande denne stunda hadde vore.

Regnbogen

I programheftet til sjølv gudstenesta blir 1. Mosebok kapittel 9 referert. Der blir regnbogen skildra som eit teikn på pakta mellom Gud og menneska. Ei pakt som fortel at Gud vil hugse på kvar ein-skild skapning som sin dyrebare skatt. Regnbogen er også Pride-rørsla sitt teikn – ein regnboge der kvar farge symboliserer ulike sider ved livet, og mangfaldet alle menneske imellom.

Det heiter i programheftet at «mange har opplevd å bli møtt med bibeltekstar som kan lesast fordømande overfor lhbt, og har vorte svar skuldig. Det er trist. Bibeltekstar må aldri misbrukast for å såre, skade og støyte menneske ut or kyrkja», som det står i programmet.

Ein kan vera usamd om mykje. Men kyrkja må vera eit trygt og godt rom å vera i for alle menneske. Me treng alle Guds nåde. Me er alle like mykje verdt.



Fin samlingsbøn

Regnboge-gudstenesta hadde ei fin samlingsbøn. Rektor og tidlegare sokneprest Janne Sukka og diakon Målfrid Bergaplass Anderson delte på å lesa:

«Gud vår Skapar: Vi kjem hit for å søkje deg og for å bli funnen av deg.

Vi er Regnboge-menneske. I identiteten vår og kjærleiken vår finst ein fargerikdom som du har skapt. Gjer oss til teikn på håp. Tilgjje oss dei gongene vi har svikta deg, våre medmenneske og oss sjølve. Ta bort redsle og sjølvforakt, fordomar og sjølvopptattheit. Skap i oss solidaritet og respekt for alle dine skapningar. Bruk oss som reiskap for rettferd, fred og menneskeverd. Miskunn deg over oss. Amen.»

Alle kan ha ein heim i kyrkja.



Kyrkjevalet 2023

Meiner du noko om kyrkja? Korleis vil du at kyrkja skal vera her i bygdene? Den norske kyrkje er ei demokratisk folkekyrkje; du som medlem kan vera med og forme kyrkja!

Om eit knapt år er det kyrkjeval att. I september 2023 skal me velja nytt kommunestyre og også nytt sokneråd.

I Ål har me tre sokn, Leveld, Torpo og Ål, men eitt felles sokneråd. Til soknerådet skal det veljast åtte representantar: to frå Leveld, to frå Torpo og fire frå Ål. Soknepresten har fast plass i soknerådet.

Kyrkja er eit mangfaldig felleskap. Ulike meningar og ulikskapar gjer fellesskapet rikare. Derfor treng me nettopp deg og naboen din i soknerådet. Det er ikkje noko krav å måtte meine eller vita så mykje på førehand. Nye sokneråd får informasjon og opplæring.

Førebuingane til kyrkjevalet 2023 er alt i gang. Soknerådet har vald tre nominasjonskomitear som skal finna kandidatar.

Nominasjonskomiteane er:
Leveld: Inger Elise Kaslegard, Arvid Bjørke, Torfinn Slåtto
Torpo: Wenche Smestad, Birger Bolstad, Vigdis Vedvik Gåsterud
Ål: Kjell Storhaug, Siv Sylvarnes, Bjarne Thoresen, Liv Margit Sørboen, Einar Brattegard.

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Liv Margit Sørboen

BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkje.no

PROST Sveinung Hansen | SOKNEPREST Geir Wiknes | PROSTIPREST Ingrid Finsådal Bakke | KYRKJEVERJE Trond Berthelsen Augunet | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito

KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkeboen • Målfrid Bergaplass (vikar) | REINHOLDAR Rezene Habtom

KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Morten Storhaug • Tom Vidar Myrsetølen | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Vegen fra Betlehem

24. februar invaderte Russland Ukraina. Krigen og de grusomhetene som vi har vært vitne til disse månedene, har berørt oss og hele Vesten. Krig i Europa var det kanskje få som så for seg skulle skje. Konsekvensene har vært enorme, mennesker mister sine hjem og sine kjære. De blir traumatisert og flykter fra landet. Mange har flyktet til Norge, til Hallingdal og til Ål, og søkt om beskyttelse.

Disse månedene har jeg for første gang kjent på følelser som utrygghet og en redsel over at det kanskje vil bryte ut en atomkrig. Da har det vært godt å dele dette med de rundt meg og at jeg fortsatt kan kjenne meg trygg her jeg bor.

Dramaet i Betlehem

Et drama utspiller seg julen for 2022 år siden i Betlehem, en liten landsby i Palestina. Vi møter en liten familie som kommer fra Nasaret i Galilea, Josef og Maria



Vi tenner lys for å minnes, kanskje be en bønn – og for håpet!

som er gravid for første gang, hun er bare 14 år gammel. De var tilreisende som så mange andre, fordi de skulle innskrives i manntall.

Reisen til Betlehem var lang og slitsom. Da de kom fram, måtte de lete etter et sted å bo. De fant en stall, fordi det var ikke noe annet husrom til dem. Blant dyr og noen fattige gjeter ble barnet født i en krybbe. Han ble kalt Jesus, som betyr Gud Frelser.

Mye skjedde i dette dramaet, - det kom tre vise menn fra Østerland med dyre gaver til barnet, det kom gjeter som var ute og beitet, og engler som kom fra himmelen. Men det mest dramatiske var at kong Herodes med hele sitt maktapparat hadde bestemt seg for å drepe det nyfødte barnet.

«Da vismennene hadde dratt, viste Herrens engel seg for Josef i en drøm og sa at de måtte stå opp, ta Maria og Jesus med deg og røm til Egypt, og bli der til jeg sier fra. Herodes kommer til å lete etter barnet og vil drepe det. Josef stod opp, og de dro til Egypt samme natten. De ble værende der til Herodes døde. Da Herodes skjønte at vismennene hadde lurt han, ble han sint og sendte ut folk for å drepe alle guttebarn i Betlehem og nabolaget som var to år eller yngre». (Matt. 2, 13-16)

Et liv på flukt

Den lille nybakte familien reiste ikke tilbake til Nasaret, for dem ventet et liv på flukt. Veien fra Betlehem ble en vei til landflyktighet der familien måtte beskytte seg fra maktavernes overgrep og fra en konge som ville sønnen deres til livs. Først da kong Herodes var død,

«Det sanne lys, som lyser for
hvert menneske,
kom nå til verden».
(Joh. 1,9)

kunne familien reise tilbake til hjemlandet sitt og slå seg ned i Nasaret. Denne hendelsen er det vi feirer i kirken hvert år; Jesus sin fødsel. Den største julegaven verden noen gang har fått. Men det skjedde ikke uten dramatikk. Nå er det krig i Europa og mennesker flykter fra landet sitt og søker om beskyttelse. Vi ser hvilken smerte de blir påført.



Av Målfrid Bergaplass
Anderson, diakonvikar

ANDAKT

Jesus visste veldig godt hvordan det var å være flyktning. Han kunne derfor identifisere seg med alle som ble forfulgt. Det står at Jesus gjorde seg til ett med de som ble forfulgt.

Et kjærlighetsbudskap

Julens budskap er et kjærlighetsbudskap til hver og en av oss. For 2022 år siden ble Gud menneske, han tok bolig i blant oss, der han viser sin kjærlighet til oss gjennom et barn som blir født i en stall og i en krybbe. Han levde som oss og ble godt kjent med det å være menneske.

Å følge Jesus på vegen fra Betlehem handler blant annet om å velge side for de som blir forfulgt, forlatt og de som opplever å bli hjemløse, de marginaliserte. De som opplever krig eller terror. De som kjenner på ensomhet og frykt. Denne vegen er for mange mennesker preget av tørke eller flom, sult eller sykdom, krig eller terror, frykt eller ensomhet. Dette er vegen fra Betlehem. Å møte mennesker i nød er en del av det å følge han.

Men det er også et budskap om hans nærvær og tilstedeværelse i verden, tross krig og terror, er Gud nær oss og med oss i våre liv og i vår hverdag.

På vegen fra Betlehem i følge med Jesus, kan mennesker bli berørt og mørket brytes av det sanne lys som lyser for hvert menneske. Slik blir veien fra Betlehem også veien hjem.

God adventstid og julehøytid.

Babysong

Elin Etterlid Tveito ynskjer dei som er heime med småbarn velkommen til babysong, leik og ei hyggestund 28.11, 12.12., 9.1., 23.1., 6.2 og 20.2 klokka 11 – 13. Møtestaden er Ål kyrkjestugu og altså annankvar måndag. Me syng og avsluttar med enkel lunsj til 30 kr. Kontakt Elin på kyrkjekontoret.



Illustrasjonsfoto: Bo Mathisen

Kyrkjemøtet er samla til møte kvart år, har 116 medlemmer og er det øvste demokratisk valde organet i Den norske Kyrkja. Medlemmene i dei 11 bispedømmeråda i Noreg møter på kyrkjemøtet. Tunsberg bispedømmeråd har ni valde medlemmer. To av dei er frå Ål: Inga Stoveland Dekko og Øystein Lappegard. Dei reflekterer her over kva dei opplevde på Kyrkjemøtet 2022.

Sakspapir, vedtak og mykje anna interessant frå kyrkjemøtet finn du på nettsida til www.kirken.no

Tankar etter eit kyrkjemøte

INGA STOVELAND DEKKO:

«Årets kyrkjemøte har vore svært interessant, men samstundes krevjande. Den store saka, kyrkjeleg organisering, prega mykje av diskusjonane både i og utanfor plenumssalen. Sjølv synest eg at det var vanskeleg, at eg som ein del av dei 116 medlemmane, kunne ha så stor innflytelse til å styre og bestemme framtida til Den norske kyrkje. Voteringa mellom modell 2 og 3 vart så likt at eg i seinare tid lurar på om eg kunne ha vore den som stemde for ei heilt anna kyrkjeleg framtid.

Kva har eg eigentleg å seia om kvar arbeidsgjevarrolla skal liggje?

I denne saka følte eg at ikkje eg hadde god nok kyrkjelyds-erfaring eller teologisk grunnlag til å vite kva som er og blir best. Det som var det viktigaste for meg, var at denne saka blei handtert sakleg. Fleire gonger gjekk eg opp på talarstolen for å minne kvarandre om at alle må vere snille med kvarandre. Kanskje litt overflatisk, men samstundes er vi framleis ei kyrkje og trur på ein og same Gud. Ein ting eg har lært, er at ungdom er mykje flinkare til å lytte, forstå og respektere ulike meiningar, og absolutt noko ein kan jobbe meir med blant vaksne.

I fjor gjekk eg opp på talarstolen under klimasaka 15/21 der eg prata om det å vera håplaus. Derfor er eg svært takknemleg for at både tema og seminaret under årets kyrkjemøte var håp og om korleis unge menneske i dag kan finne håp sjølv med ei usikker og skummel framtid.

– Det er utruleg gøy å vere med

Sjølv som den yngste delegaten på kyrkjemøtet, er eg glad for at både eg og andre unge blir høyrdd og tatt på alvor. Samstundes gler eg meg til å jobbe meir med klima og miljø i kyrkja, og eg kunne sjå på årets kyrkjemøte at fjorårets sak verkeleg har motivert både meg og andre til å ta saka på alvor.

Sjølv om det er krevjande, er det utruleg gøy å vere med, og eg gler meg allereie til neste kyrkjemøte. Eg lurar allereie på kva slags saker som blir neste års store fokus.»



Inga Stoveland Dekko og Øystein Lappegard møtte på Kyrkjemøtet 2022.

Foto: Birger Bolstad

ØYSTEIN LAPPEGARD:

«Kyrkjemøtet er kyrkja sitt øvste organ med 116 medlemmer. Eg er vald inn i Tunsberg bispedømmeråd og er dermed også medlem av kyrkjemøtet. Kyrkjemøtet 2022 i Trondheim strekte seg over seks dagar i slutten av september.

For meg var dette mitt andre kyrkjemøte. Såleis er eg som nybegynnar å rekne, mange i salen var erfarne kyrkjepolitikarar med eit tosfira tal på kyrkjemøte bak seg. Eit kyrkjemøte er ei heller intensiv arbeidsveke der det vekslar mellom komitéarbeid og drøftingar i plenum frå tidleg morgon til seine kveld.

Den store og viktige saka var korleis kyrkja skulle organiserast etter at kyrkje og stat skilde lag. Dette har det vore arbeid med i fleire år, og dette kyrkjemøtet skulle bestemme dei overordna føringane for den framtidige organiseringa. Kyrkjemøtet delte seg på midten og det heile vart avgjort med ei stemme i overvekt. Eg hadde nok vona at kyrkjemøtet i enda større grad hadde greidd å arbeida seg fram til felles standpunkt. Men det viktige er at det no er gjort eit vedtak slik at detaljane kan utformast vidare. Modellen som vann fram, tek berre små skritt på endringsvegen. Men den legg vekt på ein desentralisert styringsmodell, eit nært samarbeid med kommunen og eit delt, likestilt leiaransvar mellom administrasjon og kyrkjefag lokalt.

– Kyrkja bind det heilage til kvardagen

Sjølv var eg i ein komité som la siste hand på ein liturgi for dei heilage tre dagane, – dagane frå skjærtorsdag til påskedag. For ein lekmann som meg var dette interessant og lærerikt. Heldigvis var det fleire prestar og eit par biskopar i komitéen, desse kunne gje teologisk bakgrunn for dei ulike delane av liturgien. Men det skadar heller ikkje med litt sunt bondevit!

Den største opplevinga var nok høgmesse i Nidarosdomen. Ei fullsett kyrkje, ein salmesong som nesten lyfta taket og himmelsk korsong frå Nidarosdomen sitt jentekor gjorde eit mektig inntrykk. Og med tre ålningar i aksjon framme i kyrkja, domprost Ragnhild Jepsen som leia gudstenesta, Inga Stoveland Dekko som tekstlesar og May Jorunn Luksengard som døvetolk, vart det noko heimleg over det storslagne. Og slik er kyrkja, – den bind det heilage til kvardagen, spenner ein himmel over jord.»



Foredragshaldaren Helge Simonnes i samtale med Kjellfred Dekko (t.v.), Kjell Storhaug (t.h.) og Vigdis Moen Storhaug.

– Du må ikkje sova!

– No kan me ikkje sova. Det står om truverdet til kyrkja.

Dette var hovudbodskapen til journalisten, forfattaren og foredragshaldaren Helge Simonnes som besøkte Ål kyrkjeakademi i oktober. Han kalla foredraget sitt «Når religiøs retorikk og konspirasjonsteoriar trugar demokratiet og verdsfreden».

Den tidlegare Vårt Land-redaktøren viste aller fyrst korleis makt-politikarar som Putin og Trump spelar på religiøse kjensler, og dei farane som trugar når religion og politikk vert vevd for tett saman.

Då Putin gjekk til åtak på Ukraina, fekk han støtte av patriark Kirill – den øvste leiaren for den russisk-ortodokse kyrkja. Sidan kyrkja har så sterk posisjon i det russiske folket, er det heilt avgjerande for Putin at han har kyrkja på si side. Kyrkja har støtta Putin fordi han mellom anna går så sterkt ut mot vestleg påverknad.

Ein tilsvarande verdikrig har me i fleire år sett i USA. Også Donald Trump lova å gjera landet stort igjen og mange kristne miljø støtta han. Veljargruppa «kvite, evangelikale kristne» vart dei sterkaste støttespelarane til

Trump. I følge Simonnes var det 25 millionar av dei, og 80 pst støtta Trump. Korleis kunne det skje? spurde Simonnes, og freista å gje nokre svar.

Eit av svara handlar om det religiøse språket, det åndelege språket. Korleis nyttar verdsleiarane dette? Men han utfordra også oss: Korleis er det me bruker det?

Simonnes oppmoda alle til å vera språkleg varsame. – I opphavet var Ordet, heiter det i evangeliet, som noko positivt. Men ord kan også nyttast destruktivt, sa han, og viste blant anna til boka si, «En Gud for de mange», som kom for nokre år sidan, Her heiter det mellom anna:

– Ver varsam når du vert freista til å vera bastant i di tolking av korleis Bibelen skal forståast, ver varsam når du tenkjer at Gud velsignar deg meir enn andre, eller når du hevdar at Gud vel ut og velsignar folkeslag og nasjonar, eller når du gjer annsleistruande til fiendar, eller når du bruker Gud og evangeliet i politisk argumentasjon.

Av Birger Bolstad (tekst og foto)

- Ver varsam ved bruk av det åndelege språket

Jul i eit framandt land

På språkkafè på Frivilligsentralen er målet at flyktningar og ålingar skal prate saman om ulike tema. 2. november var temaet juletradisjonar på eit av borda. Våre ukrainske flyktningar får no ei julefeiring i eit framandt land grunna krigen i heimlandet.

Dei fleste ukrainarar er ortodokse kristne, og dei feirar jul 6.-7.januar etter den julianske kalenderen.

–Korleis feirar de jul i Ukraina? spør eg.

Før jul er det to vekers faste som betyr at dei ikkje kan eta f.eks. kjøtt og egg. Dei vaskar og bakar mykje, og pyntar med lys, juletre og adventsstjerner.

Sjølve julekvelden 6.januar går dei fyrst i kyrkja der det står ei stor julekrybbe, presten preikar og det er mykje bøn og lystenning. Det er og vanleg med julespel. Etterpå, når ein kjem heim, er det vanleg å gå frå hus til hus og syngja julesongar, og så får dei godteri eller litt pengar for det. Julematen denne julekvelden er kveitegraut med rosiner, valmue, honning og nøtter; då har dei fasta før på dagen. Neste dag er det kyrkjegang att, og etterpå god mat med familieane og mykje besøk av vener og familie. Denne jula blir fyrste jul i eit framandt land, og mange blir triste når dei tenkjer på sine kjære som er att i Ukraina.

Eg vil oppmode alle dykk ålingar til å seie hei til dei; ta gjerne kontakt med Frivilligsentralen som kan formidle kontakt med desse våre trivelege nye nordmenn.

*Av Liv Margit Sørboen (tekst)
og Roar Halvåg (foto)*



Språkkafe - med gode samtalar rundt borda.


SPRÅKKAFE:

- Flyktningar og innvandrarar møter bygdefolk
- Ål kulturhus annankvar veke
- Samtale og kanskje litt servering, strikkekafe, juleverkstad, speling o.l.
- Frivilligsentralen med leiar Turid Hilde Sørboen Gåsbygg står bak
- Eit samarbeid mellom Ål Frivilligsentral, Ål introenter, Vaksenopplæringa, Ål husflidslag.

Musikk - julekalender

**Vi tenner
våre lykter**

Katzenjammer




**Maria hun er
en jomfru ren**

Odd Nordstoga



**Lys imot
mørketida**

Maria
Haukaas Mittet



**Himlen i
min famn**

Carola



Stjernesludd

Kurt Nilsen



**Det hev ei
rose sprunge**

Stine Høla Ulla &
Ole Edvard Antonsen



**Kling no
Klokka**

Ålkoret



**Her kjem me,
dine arme
smaa**



**Jul, jul,
strålande jul**

Sanna Nielsen



Julekveldsvise

Alf Prøysen



**Oh come all
ye faithful**

Damenes aften



**Det lyser i
stille grender**

Sigrd Moldestad og
Niko Valleapaa



Gled deg over musikk og video i adventstida! I denne musikkjulekalderen kan du kvar dag i desember få ei fin førjulsoppleving. Skann QR-koden med kameraet ditt på anten mobilen eller nettbrettet ditt, eller skriv nøyaktig tekst frå ruta inn i søkefeltet på YouTube. Og du vil få ei opplevingsrik førjulstid! Gol og Hemsedal Kyrkjeblad har hatt ein slik julekalender eit par år. Takk til Gunn Ragnhild Stigen og Hallingdal Trykk.

I et lite hus

PUST



Tenn lys

Helene Bøksle



Nordnorsk julesalme

Christel Alsos



Glade jul

Sissel Kyrkjebø



Sankta



The Best Christmas Song

I've ever heard
It will give you chills



Jul i svingen

Ingebjørg Bratland



Coventry Carol

Sting



Go Tell It On The Mountain

Silent Night

Mahalia Jackson



Et barn er født i Betlehem

Kvedarkvintetten



O helga natt

B-karadn



Deilig er jorden

Vang kirke



Kortreist pilegrimsvandring

Du treng ikkje reise heilt til Spania og Santiago de Compostela for å oppleve pilegrimsvandring. Du treng heller ikkje setje kursen - eller beina - mot Trondheim og Nidarosdomen for å vandre pilegrim i Norge.

For oss i Hallingdal er det berre å forflytte seg over åsen til nabodalene Valdres. Der ligg pilegrimsvegen klar, frå Hedalen i sør til St.Thomaskyrkja på Filefjell. St.Thomaskyrkja var eit viktig pilegrims mål i mellomalderen. Ein trudde at kyrkja hadde undergjerande kraft, og det kom folk frå heile Sør-Norge for å gje gåver til kyrkja, med håp om å bli friske. Til og med hallingar tok denne vandringa, og i bygdeboka frå Ål står det m.a. om Per Torkjellson Kvelprud og kona hans som i 1776 gav eit altarklede til St.Thomaskyrkja på Filefjell. Dette gjorde dei for å bli kvitt skabb på sauene i Kvelprud ! I følgje bygdeboka hjalp dette, og det kom aldri meir skabb på sauene i Kvelprud (Eg må innrømme at eg ikkje har sjekka ut om dette framleis gjeld....).

Fellesvandring

Kvar sommar sidan 2009 (med unntak av korona-åra 2020/21) har det vore arrangert fellesvandring på pilegrimsvegen i Valdres. Vandringa startar ved stavkyrkja i Hedalen, heilt sør i Valdres, og 8 dagar og 163 kilometer seinare kjem ein fram til St. Thomaskyrkja på Filefjell.

Eg har delteke på denne vandringa i sju gonger. Kvifor i alle dagar gå same vandringer, år etter år?

Å gje eit klart svar på dette er ikkje så enkelt. Opplevingane gjennom ei slik veke er så mange - og varierte - at det er vanskeleg å beskrive, iallefall i kortformat. Eg har difor valgt ut nokre punkt som har vore, og er, viktige for meg.

Stille vandring

Vi går stille –utan å snakke saman.

Dette opplever vi som ein stor fridom, og du får vere i fred med tankane dine. At vi går saman som ei gruppe utan å snakke saman, er uvant for mange. Det viser seg på tilbakemeldingane at dette vert opplevd uventa positivt. Fleire av dei som har delteke, har i ettertid gitt uttrykk for at dette var noko av det beste ved heile vandringa.

Dessutan er vi stille berre medan vi går. Når beina er i ro, er det ingen begrensning på ordbruken, så alle snakkeglade får rikeleg rom for å dekke det behovet.

Del av ei gruppe

Du får gå i fred, men du er ikkje aleine. Turleiar går alltid føre, og du slepp all planlegging og praktisk tilrettelegging: Det einaste du treng å hugse på, er ein dagstursekk med niste og drikke – og kanskje litt regnkjede. Bagasjen blir transportert mellom overnattingsplassane.

Heilt bakerst går og ein av turleiarane



Artikkelforfattaren Anne Kjersti Frøyen, pilegrimen, ved Reinli stavkirke i Valdres.

(som oftast pilegrimspresten), og du kan vere heilt trygg på at du aldri blir «gått frå» uansett kor sakte du måtte gå. Å vere del av ei gruppe kan vere ei god støtte i tunge motbakker eller langs altfor lange asfaltetapper. Det å vite/kjenne at ein er fleire som strevar seg fram, gjer også dei tyngre etappene lettare å kome igjennom. Dessutan finst det alltid ei venleg sjel med plaster og anna utstyr klar viss vassblemmene har valgt ut foten din som vert.

Pause frå kvardagen

Åtte dagar utan nyheiter, tv,radio, div. sosiale medium (joda, det er heilt lov, viser seg likevel at dei fleste syns det er godt å la det vere), telefonen på lydløst i sekken (eller lett tilgjengeleg for å ha kamera klar).

Det er ei ufattelleg god oppleving å legge att bekymringer og kvardagsmas, og berre ta imot det dagen og vandringa gjev deg undervegs.

Pilegrimsbøn

Den gode pilegrimsbøna, også kalla Birgittas bøn:

«Herre, vis meg din veg, og gjer meg villig til å vandre den.»





Over fjell

Naturopplevingar

Vi som bur i Hallingdal, er godt vane med flott natur - og mange av oss bruker naturen jamnleg.

Eg skal sjølv sagt ikkje antyde at det er vakrere i Valdres, men det er ei heilt særskilt oppleving å forflytte seg til fots gjennom eit heilt dalføre, og dermed sjå og oppleve naturen meter for meter, minutt for minutt, til du siste dagen kan snu deg og sjå delar av dalføret du har tilbakelagt heilt for eigen maskin.

Kulturopplevingar

Runestein ifrå 300-talet, gravfelt frå jernalderen, stavkyrkjer frå nesten tusen år tilbake, steinkyrkjer frå 1200-talet, og mange andre kulturminne ligg som perler på ei snor gjennom heile dalføret.

Kvar dag byr på nye imponerende kulturminne. Turleiarar med mykje kunnskap og god formidlingsevne gjer dette til ein lærerik og spanande del av vandrainga. Samtidig beveger ein seg gjennom eit kulturlandskap som i seg sjølv ligg som eit tydeleg vitne om folks kvardagsliv både i fortid og notid.

Folk

Når du er del av eit vandringsfølge i åtte dagar, er det umogeleg å ikkje bli kjent med andre, eller at andre blir kjent med deg. Ettersom vi alle er vekke frå kvardagen vår, blir det overraskande lite «kva jobbar du med»-spørsmål mellom folk. Det viser seg at dei aller fleste har mykje anna i livet det er fint å snakke om, og ein blir kanskje kjent på ein annan måte. Mange av dei eg har blitt kjent med gjennom desse vandraingane, har

sett spor i mitt liv – det er eg djupt taknemleg for.

Indre vandring

I brosjyra til fellesvandringa står det at dette er både «ei ytre og ei indre vandring».

Du forflyttar deg steg for steg mot eit mål. Samtidig skjer det noko på innsida. Mange pilegrimer kan fortelle om akkurat dette, og det treng ikkje vere verken storslått eller uforklårleg. Kanskje det er eit naturleg resultat av dag etter dag med vandring, naturinntrykk, tid til refleksjon, samspel med andre menneske, og kanskje litt mot til sjølv å våge seg på nye vegar – også innvendig.

Kvar dag har pilegrimspresten enkle samlingar morgon og kveld. Det er viktige pulsslag gjennom vandrainga, som gir innspel til refleksjon og ettertanke.

Som ein tidlegare vandrar (Knut Olav Åmås, dåverande redaktør i Aftenposten) skreiv etter vandrainga i Valdres for nokre år sidan:

«Det er ingen konkurranse om å komme først eller gå raskest, det handler om å gå sammen. Og være alene med seg selv midt i det hele.

Klisjeen viste seg å stemme: En pilegrimsvandring ER både en indre og ytre reise. Livet består av øyeblikk. En pilegrimstur er en eneste lang serie med øyeblikk du aldri glemmer. Det mest håpløse opplegg jeg trodde jeg noen gang skulle være med på, var blitt til den fineste sommeropplevelsen jeg noensinne har hatt.»

Av Anne Kjersti Frøyen (tekst)
og Karsten Popp Dideriksen (foto)

Kva er ei berekraftig tru?

Forfattaren Arne Lie gjev svaret allereie i boktittelen. Boka hans ber tittelen Berekraftig tru - om å la Gud bere livet. Jærbuen som har budd på Gol snart 30 år er kjend for mange som tidlegare sokneprest for Gol og Herad og som prostiprest i Hallingdal. Dei siste åra har han også skrive faste ytringar i Hallingdølen.



Arne Lie

Berekraftig tru er ei personleg bok og Lie deler eiga trus- og livshistorie. Me blir kjende med delar av forfattarens livsforteljing frå han veks opp som presteson med ei sjuk mor, møte med herlegdomsteologi, glimt frå møte med enkeltmenneske som sjelesørgjar og Lies eiga sjukdomshistorie. Forfattaren knyter desse forteljingane frå eige liv saman med forteljingar frå Bibelen. Møtet mellom desse parallelle linjene kallar Lie for erfaringsteologi, og reiser spørsmålet om Gud sine «bere-historier» får mening for menneske si «bere-historie».

Boka er delt i tre delar. I den første delen skriv Lie om menneske si «bere»-historie, i den andre delen beskriv han Gud si berekraft, og i den tredje delen skriv han kva det vil seie at ein som kristen er sett til å vere ein berar.

Det er tydeleg at forfattaren ber ein visjon om at dei som les boka, skal oppdage at Bibelen gir hjelp til å tru og leve, og at målet er å vise kva ei berekraftig tru kan vere. Forfattaren har skrive ei interessant bok forankra i eit langt liv som prest og sjelesørgjar. Personleg synes eg forfattaren er på sitt beste når han skriv om sitt eige liv. Desse historiene er truverdige og skapar gjenkjenning utan at dei vert opplevd private.

Boka vil truleg ligge under fleire juletre i Hallingdal i år. God lesing!

Av prost Sveinung Hansen

Fasteaksjonen 2023

Fasteaksjonen 2023 for
Kirkens Nødhjelp er 26.-28. mars.



Teikningar frå Etter skuletid

Kvar måndag kl. 14 – 15.30 møter eit 20–30-tals born og unge frå 4.–7. klasse i Ål kyrkjestugu. Det er Etter skuletid! Dei frammøtte får ein liten matbit, frivillige vaksne hjelper borna med lekser, og etterpå er det gode aktivitetar, som til dømes å teikne. Men fleire frivillige vaksne trengst.

- Etter skuletid er svært viktig. Det understreka ordførar Solveig Vestenfor på eit fellesmøte mellom Ål kyrkjelege fellesråd og formannskapet i oktober. På Etter skuletid blir borna betre kjente med kvarandre, om dei har budd på Ål all sin dag eller er innflyttarar. Her er ein saman, får nye vener. Eit betre integreringstiltak finst knapt! Fleire av Etter skuletid-borna har teikna i haust. Her er nokre av teikningane:



Burger og Brettspel i Kyrkjestugu

Me ynskjer å gje ungdom frå 8.klasse opp til 20 år ein stad å møtast, og opnar Kyrkjestugu for Burger og Brettspel! Soknerådet og staben saman med frivillige sørger for at dette blir verkeleg. Måndagar kl.17–21 med varme burgarar til sals for ein billig penge, og spel av både den klassiske typen og nye spel vil vere å finne. **Ta med ein ven eller møt nye her!**

Venleg helsing
Geir Wiknes



SORGRUPPE for born



Diakon Martha Frøyland Bleiktvedt på Gol startar opp sorggruppe for born 25. januar. Dette blir ein møtestad for alle born som har mista ein av sine næraste og er ope for alle livssyn. Seks samlingar er planlagt. Dette er eit samarbeid mellom Den norske kyrkje og Gol kommune. **Kontakt diakonen på tlf. 476 27 663.**

Karnevalsgudsteneste!

Jovisst blir det karnevalsgudsteneste! 19. februar er det fastelavn, folke-musikk-gudsteneste – og karneval. Sokneprest Geirhar gode idear. Denne nyskapingen blir spennande!



Julekonsert med to kor

Ål-koret og Eggedal sangkor imponerte stort då dei framførte Vivaldi Gloria 16. oktober. 11. desember kan me høyra kora i Ål kyrkje att, blant anna har dei øvd inn litt av Händel. Organist er som vanleg kantoren vår, Audun Flaen. Dirigentar: Arild Rønsen og Marit Sehl.
Ål kyrkje søndag 11. desember kl. 17.

VI GÅR I KYRKJA

DESEMBER

04.12.2022	
Leveld kyrkje	11:00
11.12.2022	
Ål kyrkje	11:00
14.12.2022	
Ål kyrkje	19:00
18.12.2022	
Torpo kyrkje	11:00
24.12.2022	
Kårstugu	12:00
Vats fjellkyrkje	13:00
Leveld kyrkje	14:30
Ål kyrkje	14:30
24.12.2022	
Ål kyrkje	16:00
Leveld kyrkje	16:00
Torpo kyrkje	16:00

25.12.2022

Ål kyrkje 12:00

31.12.2022

Ål kyrkje 17:00

JANUAR

01.01.2023

Torpo kyrkje 11:00

08.01.2023

Ål kyrkje 11:00

15.01.2023

Leveld kyrkje 11:00

22.01.2023

Ål kyrkje 11:00
Tårnagentar(8-åringar)

29.01.2023

Ål kyrkje 11:00
Folkemusikkmesse

FEBRUAR

05.02.2023

Torpo kyrkje 11:00
KodeB(10-åringar)

12.02.2023

Ål kyrkje 11:00

19.02.2023

Ål kyrkje 11:00
Karnevalsgudsteneste
folkemusikkmesse
Fastelavnssundag

26.02.2023

Vats fjellkyrkje 11:00

MARS

05.03.2023

Torpo kyrkje 11:00
4-årsbok

DØYPTE

Ål

25.09.2022	Syver Øynebråten Etterlid
25.09.2022	Mie Skjelstad Hovda
25.09.2022	Håvard Breie
23.10.2022	Maya Weggersen Baklien
23.10.2022	Lotte Høgberg Stavn

Leveld:

11.09.2022	Nathalie Hefte Luksengard
16.10.2022	Lilly Thoen
16.10.2022	Ola Bjørnå Lappegard

VIGDE

Torpo

01.10.2022	Magnus Helgestad og Tuva Karslen Haugo
------------	---

DØDE

Ål

14.08.2022	Ola T. Bjella	f.:1934
22.08.2022	Ambjørg Berg	f.:1929
27.08.2022	Anna Fjeldvær	f.:1931
05.09.2022	Unni Gjeldokk	f.:1943
12.09.2022	Reidun Kaslegard	
	Liahagen	f.:1952
15.09.2022	Kjell Aasen	f.:1940
26.09.2022	Harald Ingvald Mørk	f.:1941
29.09.2022	Barnet til Lamyae El Farhi og Talal Nabil Bany	f.:2022
18.10.2022	Inga Johanna Bakko	f.:1928
20.10.2022	Torleif O. Stranden	f.:1925

Torpo

20.08.2022	Magda I. Teigen	f.:1932
27.08.2022	Helge S. Tufte	f.:1932
02.09.2022	Sigfrid Bråten	f.:1927



Me syng og spelar jula inn

Vil du høyre vakker advents- og julemusikk saman med andre i kyrkja? Vil du vere med og syng nokre av dei gode, gamle og nyare julesongane saman med Audun Flaen på orgel og fleire songarar frå B-karad'n, Ål kantori med fleire? Dette er ein god måte å møte resten av adventstida på. Ope for alle! Ikkje inngangspengar.

Ål kyrkje onsdag 14. desember kl. 19.



Formiddagsmøta

Dei populære formiddagsmøta våre held fram på nyåret, for dei det passar for. Første onsdag i månaden er det formiddags-treff i Ål kyrkjestugu klokka 11-13, og siste onsdag i månaden formiddagstreff i Vats bedehus kl. 12-14. Førstebels er berre eit møte klart. 4. januar kjem Tor Bakken og fortel laust og fast frå livet som dyrlege, andakt ved Ingvar Solberg.

For meir informasjon: Følg med på heimesida vår www.aal.kyrkja.no og i Hallingdølen.

Familievernkontoret:
32 12 33 44

Kirkens SOS: 22 40 00 40

Sju gudstenester juleeftan!

Juleeftan blir sanneleg travel for prestane, kyrkjemusikarane og dei andre tilsette i kyrkja; heile sju gudstenester blir avvikla denne dagen! I Leveld og Ål kyrkjer er det to gudstenester på julekvelden; Torpo har ei. Dei to prestane våre, Sveinung Hansen og Geir Wiknes, får denne gongen god hjelp av den pensjonerte prosten Sevat Lappegard.

Nytt frå kyrkja?

Kyrkjebladet vårt kjem dessverre sjeldan ut. Følg difor med på nettsida vår www.aal.kyrkja.no, Facebook-sidene til kyrkjene i Ål og Hallingdal eller les i Hallingdølen om det er noko nytt frå kyrkja.

Open kyrkje

Ål kyrkje er open i kontortida

Neste nummer av kyrkjebladet kjem ut til påske.

Ver ikkje redde!

Det er mange truande skyer i horisonten når vi feirar jul dette året. Det er meir utrygt i vår del av verda enn på lenge, og midt oppe i skildringane av krigens redsle, uroa for økonomien og ekstremvêret sine herjingar skal vi igjen høyre verdas vakraste forteljing. Juleevangeliet forskjønner ikkje røynda. Uroa, fattigdommen og redsla får også plass i skildringa av juleunderet, og forteljinga spenner vidt. Her møtest himmel og jord, og tida og æva kryssar kvarandre. Her står det lille mennesket ansikt til ansikt med den ufattelege, evige Gud. Her møtest frykta og gleda.

Midt i den urolege verda vår valde Gud å kome til jorda som menneske, for å syne sin kjærleik og for å veve sitt liv saman med vårt. Barnet i krubba var sårbart og avhengig av andre, akkurat som vi er det. Maria sin lille gut skapte ikkje frykt, men vekte von og glede midt i det djupaste mørket.

Ord som «Frykt ikkje!», «Ver ikkje redde!», «Ver ikkje urolege!» finn du 365 gongar i Bibelen.

Det var dei orda Maria fekk høyre då engelen fortalde at ho skulle bli mor til Guds son. Dei same orda fekk gjetarane på Betlehemsmarkane høyre der dei låg og heldt nattevakt over flokken sín. Dei vart gripne av stor redsle då det med eitt stod ein engel framfor dei, men han sa: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk

JULEHELING



Av biskop
Jan Otto Myrseth

Foto: Tunsberg bispedømme/Henrik Gul-Jarsen

med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.»

Det er denne meldinga som gjer barnefødselen i Betlehem til noko heilt spesielt. Det er denne bodskapen som gjer juleevangeliet til noko meir enn ei vakker og rørende forteljing om

ein fattigsleg fødsel. Det er innhaldet i denne helsinga som splittar verdshistoria og tidsrekninga vår i eit «før» og eit «etter».

Dei fleste av oss likar dårleg å bli fortalt kva vi skal gjere, kan ikkje fordra å bli kommandert. Vi trur at kommandoar avgrensar oss. Det er ikkje slik med bod

som kjem frå Gud. Dei frigjer oss. Dei set oss fri til å stige inn i ei ny verd. Då ser vi at

han held både fortida, notida og framtida i si hand. Han syner oss at vi aldri er åleine.

Englehelsinga opnar augo våre for Guds lovnad og inviterer oss til å starte ei reise frå frykt til tru. Og når vi let oss bevege frå tvilen og redsla til tilliten og trua, kjem Kristus til oss slik han kom gjennom stengde dører til redde læresveinar den første påskedagen.

Han fjernar ikkje utan vidare all uro og alle årsaker til frykta, men han seier: «Sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

«Sjå, eg er med dykk alle dagar
så lenge verda står.»



Foto: Bo Mathisen

I jula går me i kyrkja!

Etter år med nedstenging og restriksjonar er me attende til opne dører og plass til alle! Desember er ein av dei månadane flest besøker kyrkja. Nokre får med seg ein klassisk julekonsert. Andre ser fram til å stå tett-i-tett og synge Deilig er jorden av full hals.

Kyrkja vår har stått midt i bygdene våre og liva våre i tusen år og kalla oss saman til julehøgtid med kimande klokker, fulle hus og ein god bodskap. I år igjen skal folket i Ål fylle kyrkjene sine i advents- og juletida med song og høgtidsstemning. I Ål går me i kyrkja til jul!

Nytt av året er at me samlar eit utval lokale aktørar og inviterer alle til å bli med på «Vi syng og spelar jula inn» onsdag 14. desember kl.19. Denne kvelden er for alle, og med eit knippe allsongar samt framføring av musikk me berre kan ta imot. Julekvelden og juledagen er høgdepunktet. Sjå gudstenestelista side 11.

Med ynskje om ei velsigna advents- og julehøgtid. Skulder ved skulder og saman om julebodskapen til oss alle: Fred på jorda blant menneske Gud har glede i!

Venleg helsing
Geir Wiknes

JULEFEIRING PÅ KAFE TID – Juleeftan klokka 17-21

- Velkomstgløgg
- Tradisjonell julemat (alternativ meny for dei som ynskjer det)
- Musikk, song m.m.
- Kr 100,-

Ta gjerne kontakt om du har lyst til å vere med på feiring eller om du kan vere med som frivillig før, under eller etterpå.

Arrangementet er ope for alle, små og store, og mat og opplegg blir forma etter kven som melder seg på. **Meld deg på innan 20. desember til kyrkjekontoret tlf. 3208 6161 eller til diakon tlf 4045 5783**

Velkommen!

